



Saksprotokoll

Organ: **Hovudutval for næring og kultur**

Møtedato: 21.06.2016

Sak nr.: 16/4657-2
Internt I.nr. 21543/16

Sak: 66/16

Tittel: **Desentralisert ordning tilskot til kulturygg**

Behandling:

Dette gir følgjande endeleg vedtak:

Lokalt kulturliv treng gode rammevilkår for å vekse og utvikle seg, og eigna lokaler er ein viktig faktor der staten kan spele på lag med kulturlivet i heile landet.

Sogn og Fjordane fylkeskommune er uroa for den store og raske statlege nedbygginga av tilskotsordninga *Desentralisert ordning for tilskot til kulturygg* med ein halvering i avsettinga av spelemidlar til føremålet i løpet av dei siste to åra. Behova i kommunar og lokalsamfunn er store, og reduksjonen i løyvingane til lokale og regionale kulturygg vil derfor ha svært negative konsekvensar for det lokale kulturlivet.

Sogn og Fjordane fylkeskommune oppmodar om at staten anerkjenner viktigheita av denne tilskotsordninga på same måte som ein anerkjenner viktigheita av gode ordningar som finansierer anlegg til fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv. Vi ventar at ordninga vert opprettheld, og at løyvingane vert auka opp i tråd med behovsvurderingane, minimum til 2014-nivå.

Tal søknader i Sogn og Fjordane til ordninga har auka, medan løyvingane går ned. Sogn og Fjordane fylkeskommune ber om at kriteria for tildeling vert endra til ei behovsprøving. Vi utfordrar staten til å samarbeide med representantar for lokalt og regionalt kulturliv for å utvikle ordninga til beste for kvardagskulturen i heile landet.